

Stor politisk interesse om Helse Førde

Det er valkamp, og da ønsker mange politiske parti å få oss i tale. Så også i år.

Publisert 01.09.2023

Venstre, Senterpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Sosialistisk Venstreparti og Arbeiderpartiet har alle vore på besøk.

Dei fleste politiske partia har i år ønskt å komme til Førde og sjå det nye Livabygget som er under oppføring. Unntaket var Høyre som inviterte seg til Lærdal. Der kom den planlagde stenginga av Lærdalstunnelen, og konsekvensane det vil ha for sjukehuset og beredskapen i området, til å stå i fokus.

Partia har vore representerte med såvel leiande fylkes- og kommunepolitikarar som rikspolitikarar. I spissen for Arbeiderpartidelegasjonen kom stortingspresident Masud Gharahkhani. Stortingspresidenten, som formelt er nummer to i landet etter kongen, er utdanna radiograf. Han bad i den samanheng spesielt om å få sjå radiologisk avdeling ved Førde sentralsjukehus.

Alle dei politiske parti har fått ei orientering om drifta i føretaket og utfordringsbildet. For Helse Førde gjev dette gode høve til å vise folkevalde både på nasjonalt og lokalt nivå kva vi har fått til, men også fortelje om kvar skoen trykkjer.

Her får du nokre bildeglimt frå besøka.



Senterpartiet: Frå venstre: Jon Askeland (fylkesordfører) og Jenny Følling (ordfører i Sunnfjord). Med ryggen til: Ove Varlid (lokalpolitikar i Sunnfjord).



Kristeleg Folkeparti:
Førstekandidat til
fylkestingsvalet Trude
Brosvik.



Høgre: Til v.: Noralv
Distad (andrekandidat
fylkestingsvalet),
Frøydis Helland
(førstekandidat
kommunevalet
Lærdal), Vidar Øvrebø
(stadleg leiar Lærdal
sjukehus), Silja Ekland
Bjørkly (førstekandidat
fylkestingsvalet) og
Kåre Martin Kleppe.
(andrekandidat
fylkestingsvalet).



Arbeiderpartiet: Frå v.:
Berit Hornnes
(hovudverneombod
Helse Førde), Karianne
Torvanger
(fjerdekandidat
fylkestingsvalet), Arve
Varden
(administrerande
direktør Helse Førde),
Masud Gharakhani
(stortingspresident),
Henrik Nordal
(førstekandidat
kommunevalet
Sunnfjord), Torbjørn
Vereide
(stortingsrepresentant)



Sosialistisk
Venstreparti: Frå
venstre: Marianne
Sæhle (tredjekandidat
fylkestingsvalet(Arve
Varnde
(administrerande
direktør Helse Førde),
Marian Hussein
(stortingsrepresentant)
og Ervin Beheim
(prosjektleder Nye
Førde sjukehus).

